SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:
Kenth Rune T. Måren
E-post: kenth.rune.maren@sfj.no
Tlf.: 41530971

Vår ref.
Sak nr.: 15/13165-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
4910/17

Dykkar ref.
16/8447

Dato
LEIKANGER, 05.02.2017

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 DEP

0032 OSLO

Svar - Statsbudsjettet for 2016 kap. 226 post 21 - Program for bedre gjennomføring – rapportering

Aktivitetar i Program for betre gjennomføring (PBG) i Sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren for opplæring legg stor vekt på at tiltak som er sett i verk i skule og bedrift, ikkje skal vere ad-hoc tiltak, men blir ein naturleg del av det pedagogiske og/eller administrative arbeidet. Dette fordrar at fylkesdirektøren følgjer opp og vurderer utviklingsarbeidet saman med dei som utøver oppgåvene, og at nye tiltak ikkje blir sett i verk før eksisterande er implementert.

Prosjektstillingane, generert av PBG, har gjort det mogleg for fylkesdirektøren å ha tett oppfølging av praksisfeltet og tilbakemeldingane har vore svært positive. Dei ulike einingane seier dei opplever fylkesdirektøren som ein jambyrdig støttespelar mot felles målsetjing; at elevane skal trivast, oppleve meistring og gjennomføre vidaregåande opplæring.

Nedanfor følgjer ei kort oversikt over tiltaka fylkesdirektøren har hatt særleg merksemd på. For nærare omtale av kvart tiltak, sjå rapporten: »Program for betre gjennomføring og FYR», frå 2015.

Kvart tiltak er del av ein heilskap, tilpassa opplæring, og må såleis sjåast i samanheng, sjølv om dei blir omtala kvar for seg.

Tiltaka:
- læring og læringsmiljø
- kvalifisering i skule
- betre formidling gjennom lokal nettverksbygging og YFF

Sogn og Fjordane fylkeskommune er frå 2016 «språkkommune», og denne satsinga blir presentert saman med grunnleggande ferdigheiter.

Læring og læringsmiljø

Grunnleggande ferdigheiter og FYR

Fylkesdirektøren legg stor vekt på å styrke elevane sine grunnleggande ferdigheiter, og har sett krav om at kompetansemidlar skal nyttast til kompetanseheving av heile personalet i minst ein grunnleggande ferdigheit. Fleire skular har prioritert lesing og/eller skriving medan ein skule har digital kompetanse som utviklingsområde. Fylkesdirektøren deltek på planleggingsmøter og dagar der satsingsområdet er tema.

Grunnleggande ferdigheiter er integrert i læreplanen på faga sine premissar og såleis ein del av arbeidet med å yrkesrette. FYR skal vere ein naturleg del av undervisninga i alle fag på alle programområde slik at elevane ser samanhengen mellom fellesfaga og programfaga. Meir informasjon om FYR-arbeidet er presentert i eigen rapport.

Fylkesdirektøren har gjennom tilbodet «språkkommunar» søkt og fått støtte til utviklingsarbeid knytt til språk, lesing og/eller skriving. Det økonomiske tilskotet skal brukast til ressurspersonar og til å etablere og drifte faglege nettverk innanfor områda språk, lesing og/eller skriving. I

fylkeskommunen er Dale og Eid vidaregåande skular med i «strategi for språk, lesing og skriving». Dale vidaregåande skule samarbeider med språkkommunane Hyllestad, Fjaler og Gulen om ei heilskapleg leseopplæring for heile det 13-åringe opplæringsløpet. Eid vidaregåande skule har særleg merksemd på å auke lesekompetansen hjå vg1-elevane.

Ekstern skulevurdering

Som ein del av det å vere «tett på» praksisfeltet og legge til rette for skuleutvikling, har fylkesdirektøren fullført ekstern skulevurdering på fire skular. Vidare er det eit mål å gjennomføre vurdering på dei resterande vidaregåande skulane i tidsrommet 2017-2018. Ekstern skulevurdering byggjer på ein «bottom up» metodikk som skal motivere til kollektiv utvikling. I tillegg til kvar einskild skule si målsetjinga har fylkesdirektøren som mål at erfaringane frå dei ulike skulevurderingane skal delast / spreiast mellom skulane i fylket. Difor har fylkesdirektøren lærarar og leiarar frå andre skular med seg på dei eksterne skulevurderingane. Tre avdelingsleiarar har ressurs som skal nyttast til deltaking og utvikling av ekstern skulevurdering.

Kvalifisering i skule.

Skulane har gode rutinar i høve elevar som har karakteren 1 eller IV i første termin, og såleis står i fare for ikkje å kvalifisere seg for neste nivå. Dei vert kalla inn til møte saman med føresette (ikkje myndige elevar), der ein samtalar om konsekvensen av å ikkje kvalifisere seg. Eleven blir utfordra på kva han/ho sjølv kan gjere og kva skulen kan gjere for at han/ho skal klare å kvalifisere seg. Dei siste tala peikar i retning av at tett oppfølging gir resultat. I 2016 var det 126 elevar som måtte opp til ny eller særskild eksamen på grunn av karakteren 1 på eksamen eller i standpunkt. Dette er ein klår nedgang frå året før, då 216 elevar måtte ha ny eksamen, og i 2014, då talet var 235.

Ei av årsakene til nedgangen kan vere at dei vidaregåande skulane kvart år vurderer tiltak for elevar som står i fare for ikkje å kvalifisere seg til vidare opplæring.

Betre formidling gjennom lokal nettverksbygging og YFF

Fylkesdirektøren har lagt klare føringar for at dei vidaregåande skulane skal ta større ansvar i formidlingsprosessen. Alle dei vidaregåande skulane med yrkesfaglege utdanningsprogram har arbeidslivskontakt. Arbeidslivskontakten har gjennomføring og overgangen frå skule til bedrift som hovudarbeidsområde.

Lokale nettverk

Programfaglærarar og bedriftsrepresentantar utgjer dei lokale fagnettverka i kvart utdanningsprogram. Bedriftsnettverka er ein føresetnad for utplassering i relevante bedrifter i YFF, og den viktigaste faktoren i å skape kontakt mellom søkjar til læreplass og potensiell lærebedrift. Samarbeid i fagnettverka om innhald og organisering av YFF er viktige føresetnader for ein god overgang frå skule til bedrift. Fylkesdirektøren har vore pådrivar ovanfor skulane for å utvikle gode lokale læreplanar i faget.

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
ass. fylkesdirektør

Kenth Rune T. Måren
teamleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Kunnskapsdepartementet Postboks 8119 DEP 0032 OSLO

Kopi til:

Hovudutval for opplæring